



Ospelund-området ligg fint til og har flott utsikt. Huset som Yri ynskjer å byggja blir liggande ovanfor det kvite huset som ein ser litt av lengst til venstre. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Blir det endeleg byggjestart for alvor i det store Ospelund byggjefelt i Uskedalen?  
Forvaltningskomiteen har i hvert fall gjeve eit viktig signal.**

I siste møte fekk Kjell Yri midlertidig dispensasjon frå arealføremålet i reguleringsplanen slik at han kan koma inn med midlertidig adkomstveg til ei tomt dotter hans, Janne Yri, vil byggja på.

Dispensasjonen gjeld inntil bustadfeltet blir realisert. Når det skjer, skal adkomstvegen opparbeidast frå den andre kanten – det vil seia frå nordaust.

Komiteen uttala at dette tiltaket ikkje vil koma i konflikt med offentlege og/eller allmenne interesser og at det er særlege grunnar til dispensasjon.

Det er no ei årrekkje sidan fleire grunneigarar gjekk saman og fekk utarbeidd reguleringsplanen for dette feltet, som ligg ovanfor vegen via a vis Korsnes. Men det manglar framleis teknisk plan og det har ikkje vore noko utvikling med tanke på byggjing etter at planen vart godkjent. Men under valmøtet på Helgheim denne veka ga fleire parti uttrykk for at dei kunne tenkja seg å stsa på eit kommunalt bidrag slik at byggjinga kjem i gang.

Huset som Yri skal byggja blir liggande like ovanfor huset til Oddbjørn Kroka. Kroka har tilknytning til offentleg kloakk og kloakkpumpa kan betjena fleire husstandar. Yri har avtale med Kroka om at eit nytt hus kan koplast til hans system.. Når det gjeld vassforsyninga må det leggjast ny leidning frå hovudleidningen som går i gang- og sykkelvegen. Denne leidningen skal då forsyna fleire bustader i samme området.

Av Ola Matti Mathisen